



**DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/91-

18. februar 2019

## **Nasjonal transportplan 2022-2033. Invitasjon til møte i den politiske kontaktgruppa**

Eg syner til brev av 11. januar 2019 om ny prosess og organisering av arbeidet med NTP 2022-2033. Det står her at Samferdsdeparterementet vil opprette ei politisk kontaktgruppe der KS, fylkeskommunane, dei største bykommunane og Sametinget er representerte på politisk nivå. Samferdsdeparterementet v/statsråden vil leie kontaktgruppa.

Eg vil invitere til det første møtet i den politiske kontaktgruppa for NTP 2022-2033 **fredag 8. mars 2019, kl. 1230-1430**. Møtet vil finne stad i auditoriet i R5, Akersgata 59 i Oslo.

Dagsorden for møtet er:

**1. Ny prosess og organisering av arbeidet med NTP 2022-2033**

*Mine forventingar til deltakinga frå regionalt nivå i NTP-arbeidet*

*Diskusjon*

**2. Invitasjon til å komme med innspel om dei viktigaste utfordringane**

*Samferdsdeparterementet inviterer dykk i brev av 18.02.2019 til å kome med innspel om dei viktigaste utfordringane på transportområdet. Korleis vil de arbeide framover med å kartleggje og prioritere desse utfordringane?*

*Innleiing v/statsråden*

*Diskusjon*

**3. Møter framover - korleis skal vi organisere desse?**

*Innleiing v/statsråden*

*Diskusjon*

**4. Eventuelt**

Kvar adressat kan stille med inntil 3 personar på møtet. Dette inkluderer eventuell bisitjar frå administrativt nivå. Husk å ta med legitimasjon for å registrere dykk i resepsjonen i R5.

Samferdseldepartementet ber om påmelding innan **1. mars** på e-post til [kontorstotte@sd.dep.no](mailto:kontorstotte@sd.dep.no). Spørsmål kan rettast til Borghild Ollestad på telefon 22248128.

Eg ser fram til ein god dialog og ynskjer velkommen til møtet!

Med helsing



Jon Georg Dale

## Adresseliste

Akershus fylkeskommune  
Aust-Agder fylkeskommune  
Bergen kommune  
Buskerud fylkeskommune  
Finnmark fylkeskommune  
Hedmark fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune  
KS - Kommunesektorens interesse- og  
arbeidsgiverorganisasjon  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Nordland fylkeskommune  
Oppland fylkeskommune  
Oslo kommune - Byrådet  
Rogaland fylkeskommune  
Sametinget  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Stavanger kommune  
Telemark fylkeskommune  
Troms fylkeskommune  
Trondheim kommune  
Trøndelag fylkeskommune  
Vest-Agder fylkeskommune  
Vestfold fylkeskommune  
Østfold fylkeskommune

